

Vurdering av innkomne søknadar/prosjekt post 71, september 2019

1	Kulturminne/prosjekt	Kostand med prosjektet	Søknadssum	Tilrådd tilskot	Vurdering
2	Kaupanger hovedgård Askeladden id: 87643-1	271 688	190 101	190 000	<p>Søknaden omfattar pussing av 6 piper på hovudbygningen. Pipene vart sist pussa på 1950/60-talet og det er no behov for å gjere det på nytt, samt skifte ut tekkinga med bly kring pipene.</p> <p>Pipene har TG 2.</p> <p>Eigar søker om å få dekkja 70% av kostnadane med å få pussa pipene om att. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd inntil ca. 70% av kostnadane ved pussing av pipene. Dette grunna at eigar har mange freda bygningar og eit stort vedlikehaldsansvar.</p>
3	Svanøy hovedgård Askeladden id: 87326-1	350 000	250 000	250 000	<p>Vindauga har overordna tilstandsgrad 2. Stiftinga Svanøy Hus har i fleire år arbeidd med å setje istand vindauga på Svanøy hovedgård. Det står att ein del vindauga som må setjast istand og det er søkt om tilskot til desse. Bygningen har mange eldre vindauga og fylkesdirektøren vurderer det som viktig at desse vert sett istand.</p> <p>Handsaminga av søknaden vart utsett i førre møte då søknaden var noko mangelfull. Fylkeskommunen har hatt dialog med eigar, men har framleis ikkje fått tilsendt alle dei manglande opplysingane. Då det er fornuftig prosjekt tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd tilskot til istandsetjing av vindauga. Tildelingsbrev vil ikkje bli sendt eigar før fylkeskommunen har motteke dei manglande opplysingar.</p>
4	Ormelid, mellomgangen mellom steinstova og øvstestova	181 000	126 700	127 000	<p>Det har i lang tid vore utfordringar med vatn som renn ned gjennom kjellaren i øvstestova og ut i mellomgangen mellom øvstestova og steinstova. Dette fører om vinteren til at det samlar</p>

					<p>seg opp mykje is her, noko som så fører til skadar på bygningane og mellomgangen.</p> <p>Stiftinga Ormelid Gard søker om tilskot til drenering for å unngå at det kjem meir vatn inn i mellomgangen og i kjellaren på steinstova. Må grave dreneringsgrøfter for å leie vatnet vekk frå husa, samt grave og drenere i mellomgangen mellom øvstestova og steinstova. I tillegg må jorda gravast ut av kjellaren på øvstestova og erstattast med drenerør og pukk. Deretter skal det leggst heller på golvet i øvstestova og mellomgangen.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dreneringsarbeidet vert gjort for å unngå ytterlegare skader på bygningane og tilrår difor at det vert løyvd tilskot til dette prosjektet. Den omsøkte summen utgjer 70% av kostandane ved prosjektet. Då Ormelid er eit tun med fleire freda bygningar som er allment tilgjengeleg til rår fylkesdirektøren til at hovudutvalet løyver den omsøkte summen.</p>
5	Dalheim/Singerheimen villaen	436 000	431 000	431 000	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har vurdert Dalheim/Singerheimen til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og våren 2019 melde fylkeskommunen oppstart av fredingssak for Dalheim/Singerheimen.</p> <p>Dalheim/Singerheimen er eit stort anlegg og eigar har gjennom fleire år arbeidd med istandsetjing av bygningane på anlegget. Bygningane har originale vindauga og det er no behov for å setje desse istand. Dette er eit omfattande arbeid med svært mange vindauga berre i villaen.</p> <p>Stiftinga søker om å få dekke over 90% av kostandane ved arbeidet på vindauga. Bakgrunnen for dette er stiftinga sin økonomiske situasjon. Fylkesdirektøren vurderer det som svært viktig at vindauga på villaen vert sett istand og ser utfordringane knytt til</p>

					vedlikehald av mange bygningar som er under freding. I tillegg er Dalheim/Singerheimen eit anlegg som er allment tilgjengeleg og fylkesdirektøren vurderer at ein i denne saka kan gje eit tilskot som stig over 70% av kostandane ved prosjektet. Fylkesdirektøren tilrår difor hovudutvalet til å løyve den omsøkte summen til istandsetjing av vindauga på villaen på Dalheim/Singerheimen.
6	Dalheim/ Singerheimen bungalowen	170 000	165 000	165 000	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har vurdert Dalheim/ Singerheimen til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og våren 2019 melde fylkeskommunen oppstart av fredingssak for Dalheim/Singerheimen.</p> <p>Dalheim/Singerheimen er eit stort anlegg og eigar har gjennom fleire år arbeidd med istandsetjing av bygningane på anlegget. Bygningane har originale vindauga og det er no behov for å setje desse istand. Dette er eit omfattande arbeid med svært mange vindauga.</p> <p>Stiftinga søker om å få dekke over 90% av kostandane ved arbeidet på vindauga på bungalowen. Bakgrunnen for dette er stiftinga sin økonomiske situasjon. Fylkesdirektøren vurderer det som svært viktig at vindauga på bungalowen vert sett istand og ser utfordringane knytt til vedlikehald av mange bygningar som er under freding. I tillegg er Dalheim/Singerheimen eit anlegg som er allment tilgjengeleg og fylkesdirektøren vurderer at ein i denne saka kan gje eit tilskot som stig over 70% av kostandane ved prosjektet. Fylkesdirektøren tilrår difor hovudutvalet til å løyve den omsøkte summen til istandsetjing av vindauga på Bungalowen.</p>
7	Dalheim/Singerheimen dokumentasjon av hageanlegg	377 500	287 000	287 000	Dalheim hadde ein stor og vakker hage i den tida ekteparet Singer budde der. Det er ynskjeleg å få dokumentert hagen slik den var, slik at ein i framtida har moglegheit til å kunne tilbakeføre den. Fylkesdirektøren ser det som viktig at denne delen av anlegget vert

					dokumentert og tilrår at det vert løyvd tilskot som omsøkt til dette prosjektet.
8	Flahammer, hovudhuset			500 000	<p>I HNK-sak 15/17 vart det løyvd kr. 823 000,- i tilskot til tilbakeføring og konservering av dekormåla panel i hovudhuset på Flahammer. Det har blitt gjennomført felles synfaring med NIKU til panela og Flahammer og vi ser at prosjektet er meir omfattande enn forventa. Fylkeskommunen i samarbeid med eigar arbeider no med å klargjere dei auka kostnadane ved prosjektet og vi ser at det vil vere arbeid med mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utbetring av konstruksjon i forhold til klargjering av loftet for tilbakeføring av dekorerte paneler. • Klimaførebyggjande tiltak for å få ein jamn temperatur. • Auka kostnadar knytt til restaurering og konservering av dekormåla panel. <p>Fylkesdirektøren vurderer dette tiltaket som svært viktig og at det får ein god framdrift. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd eit ekstra tilskot til prosjektet. Tilskotet vil bli fordelt til eigar når alle kostnadar er klargjort så langt det let seg gjere og eigar har sendt inn ny søknad i høve nye kostnadsoverslag.</p>
9	Otternes, Håkonstova	490 000	400 000	400 000	<p>Arbeidet med istandsetjing av Håkonstova starta i 2017 og det har tidlegare blitt løyvd fyljande tilskot til prosjektet: 500 000 i 2017 (HNK-sak 12/17, 150 000 (riksantikvaren 2017) og 400 000 i 2018 (HNK-sak 14/18). Bakgrunnen for denne søknaden er at omfanget av arbeid på Håkonstova har vist seg å vere vesentleg større enn forventa då bygningen hadde mykje større skadar enn først antatt.</p> <p>Stiftinga søker om å få dekkja noko over 80% av kostnadane ved ferdigstilling av Håkonstova. Stiftinga har ein begrensa økonomi og fylkesdirektøren vurderer det som viktig av arbeidet med den vert ferdigstilt. Otternes eit stort tun med mange gamle bygningar, noko som gjer at eigar har ei høg vedlikehaldsbyrde, i tillegg er tunet</p>

					tilgjengeleg for allmenta. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren hovudutvalet til å tildele den omsøkte summen sjølv om den overstig 70% av kostnadane.
10	Hotel Mundal	19 068 100	3 500 000	2 000 000	<p>Utfordringa her har vore at hotellet skifta eigar i januar 2019 og fylkeskommunen tok kontakt med den nye eigaren for å be om ein oppdatert søknad. Fylkeskommunen fekk aldri nokon ny søknad og i juni 2019 fekk vi melding om at salet av hotellet ikkje vart gjennomført og at firmaet framleis eigde hotellet. I e-post av 5. august 2019 bad fylkeskommunen om ei tilbakemelding på om det framleis er aktuelt for eigar å gjennomføre tiltaka slik det var omsøkt, og dersom det var aktuelt med endringar i søknaden så måtte vi få ein oppdatert søknad. Fylkeskommunen har til no ikkje fått svar på dette.</p> <p>Hausten 2019 vart Hotel Mundal lagt ut for sal igjen, og vi må forvente at det kjem ein ny eigar her.</p> <p>Taket på hotellet er dårleg og det begynner å haste med å setje det i stand fylkesdirektøren tilrår difor at det vert sett av ein sum til istandsetjing av taket slik at dette arbeidet kan kome i gang i løpet av 2020. Det er her ein føresetnad for tildeling av tilskot at eigar/ny eigar sender inn ein oppdatert/ny søknad for prosjektet. I søknad frå eigar sin finansieringsplan er det lagt inn kr. 5 780 000,- i tilskot frå post 71. Dette er inkludert det som tidlegare er løyvd frå post 71, kr. 3 785 000,-. Eigar har difor behov for kr. 1 995 000,- i ytterlegare tilskot for at dette prosjektet er fullfinansiert.</p>